

# Konsekvensutgreiing

## Detaljregulering Øre

### Innhald

1. Innleiing .....	2
1.1 Utgreiingstema .....	2
1.2 Metode og alternativa.....	2
2. Vassmiljø og biologisk mangfald .....	3
2.1 Dagens situasjon og 0-alternativet - verdsetting .....	3
2.2 Alternativ 1 – planforslaget .....	3
3. Landskapsbilde .....	4
3.1 Dagens situasjon og 0-alternativet - verdsetting .....	4
3.2 Alternativ 1 – planforslaget .....	4
4. Friluftsliv og grønstruktur .....	5
4.1 Dagens situasjon og 0-alternativet – verdsetting.....	5
4.2 Alternativ 1 – planforslaget .....	5
6. Samanlikning og konklusjon .....	6

## 1. INNLEIING

Formålet med ei konsekvensutredning er å sikre at omsynet til miljø og samfunn vert teken i betrakting under forberedelsen av planar og tiltak jf. Forskrift om konsekvensutredninger § 1. Utarbeiding av planforslag i dette området utløyer krav om konsekvensutgreiing jf. Forskrift om konsekvensutredning § 6 b. Hensikten med utgreiinga er å synleggjere konsekvensane tiltaka vil medføre.

### 1.1 Utgreiingstema

Tema som skal vurderast er lista opp i tabellen nedanfor, saman med ei beskriving av kva som skal utgreiast. Kvart tema skal beskrivast, verdsettast og vurderast påverknad og konsekvens.

Tema	Kva skal beskrivinga innehalde
Vassmiljø og biologisk mangfold	Eventuelle konsekvensar/påverknad for vassmiljø og biologisk mangfold
Landskapsbilde	Landområdet skal kombinere eit friområde med brygge/gapahuk/sitteplassar for ålmenta og lager og bryggjeanlegg for Åseral Ørret. Det er tenkt etablert parkeringsområde og toalett og det må etablerast atkomstveg som gjer det mogleg for større køyretøy å komme inn på området til Åseral Ørret. Det må gjerast ei vurdering av korleis desse tiltaka, og terrenginngrepa som er nødvendige, vil påverke landskapsbilde.
Friluftsliv og grønnstruktur	Ein skal leggja til rette for eit friområde på same område som det landbaserte anlegget til Åseral Ørret. Det må vurderast korleis ein på best mogleg måte kan få til ein kombinasjon av desse formåla utan at den eine øydelegg for den andre.

### 1.2 Metode og alternativa

For å vurdere konsekvensar at eit tiltak, må det samanliknast med situasjonen som oppstår dersom tiltaket ikkje vert gjennomført. Denne situasjonen er referansealternativet (0-alternativet). Metoden tek utgangspunkt i *Håndbok V712 Konsekvensanalyser* og vil vurdere planforslaget opp mot 0-alternativet. Vurderinga vil innehalde ei statusbeskriving med verdisetting, påverknad, vurdering av konsekvens og ein konklusjon. Verdisettinga vert gjort ut ifrå relevante aspektar i handboka.

#### 0-alternativet

I denne situasjonen er 0-alternativet at området vert som det er i dag, regulert til LNFR og Bruk og vern av sjø og vassdrag.

#### Alternativ 1

Utbrygging som følgje av planforslaget. Planforslaget vil leggje til rette for friluftsliv og industri/lager på vestsida av vegen. Dette inneberer planering på deler av området, samt etablering av snuplass og parkering. Austsida av vegen regulert i tråd med dagens situasjon av området med ein fritidsbustad og avkjøring.

## 2. VASSMILJØ OG BIOLOGISK MANGFALD

### 2.1 Dagens situasjon og 0-alternativet - verdsetting

Øre er ein 3,81 km<sup>2</sup> svært kalkfattig og klar innsjø. Vassdraget er forsura og er påverka av kraftregulering. Den økologisk tilstanden er tilsvarande «god». Øre har eit stort nedbørssfelt som samla sett gir stor vannutskifting, og sidan innsjøen er lite påverka av næringstilførsler, har den svært god gjenværande resipientkapasitet, med lite fare for eutrofiering<sup>1</sup>. I området ved odden er vasskanten prega av den varierande vannstanden. Området består stort sett av bart fjell med lite eller ingen vegetasjon.

For vassmiljø og biologisk mangfold vil ei naturleg utvikling (0-alternativet) vere tilnærma lik dagens situasjon.

Området har ingen påviste spesielle naturverdiar og er funksjonsområde for vanlege arter utan spesiell forvaltningsinteresse. Totalt er vassmiljø og biologisk mangfold vurdert å ha **noko verdi**.

Verdikategori	Utan betydning	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
Naturtype etter miljødirektoratet sin instruks		x			
Arter og økologiske funksjonsområder		x			

### 2.2 Alternativ 1 – planforslaget

Planforslaget inneber ei planering av området som er regulert til industri/lager og bygging av bryggjeanlegg ved/i vatnet. Det skal også byggast eit lagerbygg på landområdet.

#### Konsekvensar

Planforslaget si påverknad er vurdert til å vere **ubetydeleg endring**. Området er ein svært avgrensa del av Øre og tiltaka vil ha liten/ingen påverknad på den økologiske og kjemiske tilstanden til vatnet.

Vurdering av påverknad	Forbedra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa
		x			

<sup>1</sup> Henta frå *Tilstandsrapport for Ørevatnet i 2020* (3298), utarbeida i forbindelse med konsesjonssøknaden til Åseral Ørret.

### 3. LANDSKAPSBILDE

#### 3.1 Dagens situasjon og 0-alternativet - verdsetting

Området består hovudsakleg av ein odde ved vatnet Øre. Odden har varierande høgde og fleire forskjellige nivå. I nord er det høgaste området og det er relativt bratt ned mot vatnet. Mot sør er terrenget lågare og litt mindre kupert ned mot vatnet. Heile odden er prega av stedegen vegetasjon med barskog og noko innslag av bjørk. Feltsjiktet består i stor grad av lyng og gras. Det er fleire forskjellige nivå på odden som saman med vegetasjonen dannar mindre landskapsrom. Langs vatnet er inntrykket meir opent med mindre vegetasjon og god utsikt utover Øre.

Det er ei fritidshytte på odden, denne ligg i den nordre delen og påverka oppfatninga av landskapet, som elles framstår som relativt urørt. Vegetasjonen rundt hytta består også av meir gras enn elles på odden, som er meir prega av lyng. Odden er avgrensa av fylkesvegen som går gjennom planområdet. På austsida av vegen går terrenget jamt oppover og er prega av fritidshytta og «parkeringsplassen» som er etablert der.

For landskapsbilde vil ei naturleg utvikling (0-alternativet) vere tilnærma lik dagens situasjon. Dersom fritidsbustaden vert meir teken i bruk, kan dette ha ei innverknad på området og gjere at det framstår som mindre urørt.

Området har gode visuelle kvalitetar med god utsikt mot Øre. Det skil seg derimot ikkje spesielt ut frå omkringliggende landskap og har dermed lite særpreg. Den naturlege delen av området, saman med fritidsbustadane og vegen gir totalt sett eit noko redusert totalinntrykk. Verdien av landskapsbilde vert vurdert å ha **noko verdi**.

Verdikategori	Utan betydning	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
Visuelle kvalitetar			x		
Særpreg	x				
Totalinntrykk		x			

#### 3.2 Alternativ 1 – planforslaget

Planforslaget inneber ei planering av området som er regulert til industri/lager og bygging av bryggjeanlegg ved/i vatnet. Det er nødvendig med snu-areal for større køyretøy og det er derfor lagt inn ein snuhammer. Det skal også byggast eit lagerbygg på dette området. Ved planering vil ein prøve å oppnå massebalanse og tilpasse området deretter.

Ved friområdet er det lagt inn ein parkeringsplass. Friområdet vil elles tilretteleggjast ved etablering av for eksempel gapahuk og sitteplassar, men vil utanom dette tilstrebe å bevare dei naturlege terregngformasjonane så langt det let seg gjøre. Ein kan ikkje sjå at det vil vere mogleg å behalde hytta på ligg på odden, utan at dette kjem i konflikt med bruken av området til friluftsliv. Hytta er derfor tenkt fjernet i planforslaget.

På austsida av vegen er det ikkje planlagt nye tiltak.

#### Konsekvensar

I området til industri/lager vil terrengeinngrepet bryte med landskapsbilde sin karakter og medføre noko fragmentering. Ved god terrengtilpasning vil det vere mogleg å få til ein god overgang mellom friområdet og industri/lager-området, og tiltaket kan virke som eit mindre skjemmande inngrep. Ein

vurdera likevel at tiltaket vil gjere området noko forringa. I friområdet vurdera ein at fjerning av hytta vil forsterke landskapet sin naturlege karakter og dermed forbetre landskapsbilde. Ingen av inngrepa vil påverke utsikten mot Øre. Totalt sett vurdera ein at landskapsbildet vil bli **noko forringa**.

Vurdering av påverknad	Forbedra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa
			x		

## 4. FRILUFTSLIV OG GRØNSTRUKTUR

### 4.1 Dagens situasjon og 0-alternativet – verdsetting

Området er i dag lite brukt og lite eigna til utøving av friluftsliv. Det er ikkje moglegheit for parkering på området og hytta som ligg på odden gjer området lite tilgjengeleg for ålmenta. Terrenget er godt eigna for friluftsliv i form av opphold og rekreasjon, men området er ikkje spesielt eigna for turgåing då det er litt lite til dette. Det er bratt ned mot vatnet og tilgangen til vatnet er derfor dårleg fleire plassar.

For friluftslivet vil ei naturleg utvikling (0-alternativet) vere tilnærma lik dagens situasjon. Dersom fritidsbustaden på vestsida av vegen vert meir teken i bruk kan det auke bruken av området, men det vil også gjere det mindre tilgjengeleg for ålmenta.

Området vert ikkje brukt og har ingen betydning for friluftslivet. Området er ikkje attraktivt for opphold og har få opplevelsesverdiar. Verdien vert derfor vurdert som **utan betydning**.

Verdikategori	Utan betydning	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
Bruksfrekvens	x				
Betydning	x				
Kvalitetar	x				

### 4.2 Alternativ 1 – planforslaget

Planforslaget vil føre til at den sørlege delen av området vert lite eigna for friluftsliv og vil dermed føre til at området vert redusert. Den nordlege delen vil derimot bli meir eigna for friluftsliv. Her vil ein gjere området meir tilgjengeleg og parkeringa vil gjere det lettare å ta området i bruk. Ved å fjerne hytta vil ein også gjere området meir tilgjengeleg for ålmenta. Den sørlege delen av området vil ligge på eit lågare nivå enn friområdet og ein vurdera derfor at det vil vere mogleg å få til eit fint friområde, sjølv om det ligg tett på eit industri/lagerområde. Ein legg også vekt på at det, med unntak av planeringa som må til, er tiltak av moderat størrelse som er tenkt på industri/lagerområde. Totalt sett vurdera ein derfor at påverknaden av planforslaget vil **forbedra** friluftslivet.

Vurdering av påverknad	Forbedra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa
	x				

## **6. SAMANLIKNING OG KONKLUSJON**

Som ein ser av utgreiingane ovanfor er det nokre aspekter som vil bli noko forringa av planforslaget, mens nokre vil bli betre. Konsekvensar for vassmiljø og biologisk mangfold er vurdert som ubetydeleg. Ein kan ikkje sjå at planforslaget vil ha ein innverknad på verken den kjemiske eller den økologiske tilstanden til vatnet. Landskapsbildet vil bli noko forringa. Planering av området vil bryte med landskapsbilde sin karakter og medføre noko fragmentering. Friluftsliv vil bli forbedra. Sjølv om område eigna til friluftsliv vert redusert, vil område i nord bli meir tilgjengeleg og tilrettelagt for utøving av friluftsliv.

Formålet med planen er å legge til rette for friluftsliv i Øre for ålmenta, samt merdbasert oppdrett av aure i Øre. Dersom ein fokuserer på ei god terrengtilpassing i industri/lagerområdet vil konsekvensane for miljø og samfunn vere små, samanlikna med 0-alternativet.